

vi Prekestolen

14 NÅR VI MISTER DET VI
IKKE MAKTER MISTE...

6 INKLUDER FLEIRE
I LIVET DITT!

4 SIGRID PROST
PENSJONERER SEG

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,
STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN





INNHOLD

Frå redaksjonen	2
Andakt	3
Sigrid prost pensjonerer seg	4
Inkluder fleire i livet ditt!	6
Velkommen til Forsand Menighet	8
Velkommen til Tau kyrkje	10
Velkommen til Jørpeland kirke	12
Når vi mister det vi ikke makter miste...	14
Min sang	15
Oppslagstavla	16
Slekters gang	19
Info om kyrkjekontor	22
Gudstenester	23

NYE BEGYNNELSER

Nye begynnelser er ikke alltid like enkle, storarta eller velkomne. Nye begynnelser kan bety mye arbeid; arbeid vi ikke har lyst til å begynne på. Eller arbeid det kjennes som om vi ikke har energi nok til å ta fatt på. Vi er jo i ulike situasjoner og faser i livet, som til tider kan være krevende. Og hvis vi likevel tar sjansen på å ta fatt på en ny begynnelse kan vi lett føle vi ikke får det til. Vi havarerer på et vis.

Men nye begynnelser er heldigvis også inngangen til noe nytt og godt! Anerledes? Ja! Ukjent? Kanskje. Litt vanskelig å omfavne? Absolutt! Men etter hvert også inspirerende, gledelig, lærerikt og energigivende.

Etter at sommeren nå definitivt er over for i år er det mye som starter opp igjen, også i kirkene våre. Her kan det finnes nye begynnelser for noen. Kanskje nye treffpunkt eller bekjentskap? Følg med på hva som skjer her, og vær velkommen til å utforske noe av det, eller mye!

Hver høst er en ny begynnelse for menighetene. Og vi er alle både ønsket og velkomne. Det er fint å vite.

GOD HØST!

Marit Rødland

Adresse:

Postboks 188
4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 25. november
Frist for innlevering av stoff
er 15. oktober.

Redaksjon:

Liv Åse Gaard
Marit Rødland
Mette Ingvoldstad
Sigbjørn Turøy
Siv Fossan
Yvonne Langeland Meltveit

Kyrkja sin kontaktperson:

Liv Åse Gaard
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Prekestolen i postkassen, kan de ta kontakt med eit av kyrkjekontora.
Sjå tlf. nr. s. 22.

Abonnementspris: Kr 300 pr år

Bankgiro **3205.30.06158** eller
voops-nummer **105004**

Design og trykk:

Ålgård Offset
Opplag: 7600

Framsidefoto:
Mia Raustein





GJESTFRIHET – EN SKATT

Dagen før hadde vi fått invitasjonen: «Vil dere komme hjem til oss på besøk i morgen?» Nye som vi var i byen, takket vi uten videre ja. Nå sto vi der, kona og jeg, og ringte på hos denne familien vi egentlig ikke kjente, men som hadde kommet bort og hilst på oss under kirkekaffen dagen før, og som så spontant hadde invitert oss. Vi var nok litt spente der vi sto. Hvem var disse menneskene som åpnet hjemmet sitt for oss, uten å kjenne oss? Døra gikk opp, og vi ble ønsket velkommen inn til fellesskap og måltid. Selv om det er mange år siden nå, sitter denne opplevelsen igjen hos oss som et varmt og viktig minne. Det betyddet mye for oss som var nye og fremmede, at noen så oss, at noen inviterte oss hjem og inn i sin hverdag, at noen viste oss gjestfrihet. I Bibelen er gjestfrihet kanskje et av de rikeste ordene til å beskrive vårt forhold til hverandre. Og vi fikk oppleve noe av det som skjer når mennesker lever ut den gjestfriheten Bibelen ber oss om å legge vinn på!

Flere av historiene i Bibelen viser oss at spennende og uventede ting kan skje, når vi ønsker fremmede velkomne i hjemmet vårt. Og de viser oss at det ikke bare er gjesten, men like så vel verten som kan bli beriket og velsignet.

Den gang Abraham tok imot tre fremmede menn i Mamres eikelund og tilbød dem vann, brød og kalvekjøtt, så viste de seg for ham som Gud, som fortalte at hans kone Sara skulle føde en sønn

(1 Mos 18,1-15)

Da enken i Sarepta tilbød profeten Elia mat og gav ham husrom, viste han seg som en mann av Gud og gav henne olje og mel i overflod, og vekket hennes sønn til live igjen

(1 Kong 17,9-24).

Da to reisende var på vei til Emmaus, så inviterte de en fremmed til å slå følge med dem på veien, og til å bli hos dem om natten. Da de spiste sammen viste den fremmed seg å være Jesus, som var stått opp fra de døde

(Luk 24,13-35).

En søndag for ikke så lenge siden, hilste jeg på en ny familie ved kirkekaffen. De var nye og fremmede her i byen. Det gamle minnet dukket plutselig fram i tankene. Kanskje ordene fra den gang nå kunne bli mine? Og så var de invitert, spontant og med spenning: «Vil dere komme hjem til oss på besøk i morgen?»

Gjestfrihet er en skatt, vi mottar og gir den videre.

Glem ikke å være gjestfrie, for på den måten har noen hatt engler som gjester, uten å vite det.

(Hebr 13,2)

TEKST: MIKAEL S. ZÜLOW

SIGRID PROST PENSJONERER SEG

TEKST: JOHN N NESSA

Det er noko eige med prosten. Det er ikkje ei kvensomhelst. Då eg var ung, såg eg føre meg prosten som ein stor og dominerande mann, ikkje ein person ein nærma seg utan vidare. No sit eg på kyrkjekontoret på Hjelmeland og er ikkje ung lenger. Og eg sit andsynes prosten, som heller ikkje er ung, men likevel yngre enn meg. Og ho smiler og stråler så sterkt at eg forstår at også prostane har forandra seg med åra. Prosten i Ryfylke har tenkt å pensjonere seg til hausten. Det er difor eg er her.

Sigrid er ei ekte Fisterjente, fødd og oppvaksen på Sigmundstad. Ho kjem frå ein familie som i fleire generasjonar har tatt eit omfattande ansvar for kyrkja på Fister. Ho kom tilbake til sine eigne som prost etter først å vore prest både i Nord-Norge og på Nordvestlandet i mange år. Der har ho vore både menighetsprest og sjukehusprest. No bur ho i det finaste huset, og med den kjekkaste prestemannen på Fisterneset.

Kvifor ville du bli prest?

- Eit godt spørsmål eg gjerne svarar litt utfyllande på. Eg kjem frå ein familie med eit sterkt engasjement for kyrkja, og eit ope forhold til si eiga tru. At ein

trudde på Jesus var ikkje noko ein heldt skjult, skamma seg over eller var blyg for. Tvert om var dette stadig tema rundt middagsbordet. Alt blei diskutert, alle spørsmål kunne vi vere ueinige om, og alle spørsmål kunne engasjere. Far og farmor drog lasset, eg fann fort ut at dette ville eg vere med på. Eg fekk lyst til å bli prest. Seinare møtte eg Berit Helgøy Kloster, som trollbandt oss med si forteljing om å vere misjonær i Sør-Amerika, og Bjørn Eidsvåg, som meinte at det var på MF ein burde studere. Så då blei det MF prest og ikkje misjonær.

Du vart ordinert i 1985, og har vore prest i 40 år. Mange vil hevde at på desse åra har kyrkja endra seg på grunnleggande vis, og ikkje er til å kjenne igjen. Stikkord er kvinnekonge, homofil og statskyrkje.

- Ja, det stemmer. Og nei, det stemmer ikkje. Jesus og

forteljingane om han er dei same, men kyrkja har endra seg. Som ho skal, og må, dersom ho skal vere ei kyrkje som fungerer blant menneske som lever i vår tid, ikkje for 2000 år sidan.

Som eg alt har nemnt, har eg heilt frå sidan eg var barn, hatt ein vedvarande identitet og kjensle av kva det vil seie å vere ein kristen og tilhøyre ein kyrkjelyd. Det er å vere del av eit trusfellesskap der det er liv og røre og forandring. Det er å vere del av eit fellesskap der det er ein til dels høglydt debatt om det meste, der det er sterke meininger både til høgre og til venstre, men der alle likevel blir både sett og hørt på. Eg er stolt over at kyrkja har evne til å ta inn over seg ny erfaring og kunnskap, og at den består av sjølvstendig tenkande menneske som saman undrar seg over tru og liv. Så nei, dei endringane som har skjedd, har ikkje endra det grunnleggande - å vere Kristi kyrkje i verda.

Men folk har blitt sekulariserte på desse 40 åra. Færre døyper seg, færre går til gudsteneste. Betyr kyrkja framleis noko for folk flest?

- Nei, folk har ikkje blitt sekulariserte i betydninga mista si gudstru. Men mange har, i denne merkverdige prestasjonskulturen





vi lever i, fått det for seg at dei har ikkje ei god nok tru. Dei presterer ikkje godt nok på trusmarknaden. Og vi har langt på veg mista vårt felles språk for tru, blitt nokslags kristelege analfabetar. Kristendomsfaget er ikkje lenger del av skuleverket, bibelhistoria var obligatorisk stoff for eit par generasjonar sidan, men er det ikkje lenger no. Som prest oppdagar eg at folk har trua si på plass. Og mi oppgåve som prest er å fortelje

alle menneske at deira tru er god nok. "Trua di har frelst deg", sa Jesus. Han var ikkje opptatt av å kvalitetssikre trua. Dette gjeld framleis. Og det som er så flott her til lands, er at Staten har gitt oss eit samfunnsoppdrag: Ver ei folkekyrkje som er tilgjengeleg over heile landet. Det er dyrt. Men det er verdt å bruke pengar på.

Og no skal du ta av deg prestekjolen, slå ut håret og nytte deg sjølv utan ansvar

og plikter, slik som vi andre pensjonistar har gjort?

- Eg skal i alle fall unne meg ein rolegare vinter. Og eg skal pensjonere meg som prost. Men å vere prest er eit kall som varer livet ut. Eg har glede av, og bidrar gjerne med både å forkynne og formidle bibeltekstar. Men det eg gleder meg mest til, er å få tid til å vere frivillig i barne- og ungdomsarbeidet. Å ha god kontakt med barn og unge er eit stort privilegium i livet.

INKLUDER FLEIRE I LIVET DITT!

Olaug Bollestad kjem til Årdal kyrkje i oktober. Sjølv om ho er i ferd med å leggja politikar-rolla bak seg, er ho framleis veldig engasjert i folk og i samfunnet rundt seg. Den tidlegare sjukepleien er oppteken av psykisk helse, og av at folk skal snakka sant om livet. – Ingen bør gå rundt og bera på tunge tankar aleine, seier ho. I 2021 ga ho ut sjølvbiografien «Snakk sant om livet».

TEKST OG FOTO:
HALDIS KARINE NILSEN

Det er få dagar att til stortingsvalet 2025 når eg pratar med Olaug Bollestad. Sjølv er ho i ferd med å pakka seg ut av Stortingkontoret og starta på det nye livet utan politikken. Kva det nye kapitelet vil innehalda veit ho ikkje enno. Men at familie og vener skal få meir merksemd, er ho sikker på.

-Enkeltpersonar kan gjera ein forskell i eit liv, konstaterer Olaug. Sjølv snakkar ho av erfaring, i boka frå 21 fortel ho om ein barndom med ei psykisk sjuk mor, og ein engasjert far. Ho nemner ved namn enkeltpersonar som har vore viktige i hennar liv, både i barndom, ungdom og voksen alder. Sjølv har ho og mannen Jan Frode hatt eit ope hus for ungdom då eigne born var i rette alderen. – Eg brukar å seia til ungdomane at dei må nyta tida mellom 16 og 24 år. Då kan dei alt, og veit alt, ler ho.

- Kyrkja er navet i lokalsamfunnet, seier Olaug. -Eg vil ha ei kyrkja der terskelen er så låg at det er veldig lett å koma seg inn. Og samstundes så høg at dei ikkje vil ut, reflekterer ho. Som politikar både på kommunalt og nasjonalt nivå, og som leiar for akuttmottaket på sjukehuset, har ho sett at kyrkja

er kjempeviktig. Sjølv minnes ho særleg presten Ingvar Dragsund frå ungdomstida i Strand. Både han og kona Ingunn var flinke til å involvera og engasjera ungdom.
– Eg vil at folk skal oppleva at dei har ei kyrkje i ryggen; ikkje at kyrkja skal representera stengsel eller hinder, konstaterer ho. Ho skryt av nye måtar å tenkja kyrkjeleg aktivitet på, som språk-

-Det er ikkje utan grunn at Jesus sendte ut sine følgjesveinar to og to, seier Olaug Bollestad, - Det er ikkje eit poeng å skulle klare alt sjølv, Me treng kvarandre, og me må inkludera fleire i liva våre. Familie er viktig, men me treng enda fleire. Nokon få å snakka om alt med, og fleire til å snakka litt med. I boka fortel ho om den tida der psykisk sjukdom var noko familien skulle skjula. Ho fortel også ope om «Metoo»-episodar som gjorde livet vanskeleg for ho og andre kvinner i Indremisjonen.

Dette har gjort at andre som har opplevd liknande også har teke kontakt. Olaug meiner det viktig å ta tak i slikt, og få hjelp til å handtera det. -Kirkens SOS eller fastlegen er døme på viktige hjelpefunksjonar, legg ho til.

Livet til Olaug har også bydd på både medgang og motgang. Mannen Jan Frode har vore alvorleg sjuk i fleire runder, og livet som politikar har heller ikkje vore like attraktivt alltid. I samband med at ho gjekk av som leiar i partiet opplevde ho «politikkens bakside», og merka at det var «gysla vondt». Uansett tykkjer ho at tittelen på boka ho ga ut før dette skjedde er like aktuell: -Snakk sant om livet! Det betyr ikkje at du skal snakka med alle om alt, men at du finn nokon å dela det du ber på med!



kafé og tilrettelegging for folk med nedsett funksjonsevne. Som tidlegare ordførar i Gjesdal opplevde ho samarbeid mellom kommune og kyrkje for å få på plass ei diakonistilling. -Det var viktig, slår ho fast. – Kyrkja skal ha plass til heile livet!

Mange kjenner Olaug og Jan Frode frå instagramkontoen «Olaugjohanna», som har fått tusenvis av følgjarar. (Visste du forresten at Olaug har anar på Jøsneset, der Johanna-namnet stammar frå?). På Instagram kallar Olaug seg elles «fru Larkins» etter den britiske TV-serien. Og

ho viser fram livet til herr og fru Larkins i alle slags settingar. – Det kjem heilt av seg sjølv, seier Olaug – som er klar på at det er ho som styrer denne kontoen, ingen rådgjevarar. Nokre vil kanskje meina at herr og fru Larkins utleverer vel mykje frå innsida av heimen, men Olaug forsikrar at

ho passar på å halda nødvendig avstand. Elles representerer desse bileta berre ho og mannen, her er null politikk. Og mykje løye. – Kontoen oppstod nokså tilfeldig. Å dela slike daglegdagse hendingar går heilt fint, seier ho. - Det er også ein måte å inkludera fleire i livet sitt!

Olaug Bollestad kjem til Årdal kyrkje

Torsdag 23. oktober kl.19 kjem
Olaug Bollestad til Årdal kyrkje

I 2021 blei sjølvbiografien til Olaug, "Snakk sant om livet" utgitt. Hu er oppteken av at folk skal snakka sant om livet og at ingen bør gå rundt å bera tunge tankar åleine

Dette skal hu snakke meir om når hu kjem til Årdal for å halde foredrag om nettopp dette temaet "Snakk sant om livet"

Enkel servering med vafler og kaffi

Arrangert av Årdal Sokneråd



VELKOMMEN TIL FORSAND MENIGHET

Kva skjer på Forsand:

- Ope kyrkjetorg kvar måndag frå 10-13. Kaffi og «drøs»
- Språkkafe måndagar i oddetalsveker kl. 18-19.15 i kyrkjetorget
- Gjengen – ein måndag i mnd. rett etter skuletid for 6.7. og 8. klassingar
- Josvagruppe for 9.klasse og eldrehos Siri og Tor Andre Giskegjerde måndagar i partalsveker kl. 19.30-21.
- Supertirsdag i kyrkja/ kyrkjetorget ein tirsdag pr mnd for heile familien kl. 16-18. Middag og aktivitetar
- Konfirmantundervisning tysdagar
- Forsangarøving annankvar onsdag i partalsveker 19 – 20.30
- Andakt på Forsand bo- og aktivitetssenter torsdagar kl. 10.30 i oddetalsveker
- Jente- og guttelag for 1.-4.klasse på bedehuset torsdagar i partalsveker, kl. 17.30 – 19.00
- Fredagsklubben for 5.-7. klasse på bedehuset fredagar i oddetalsveker kl. 19 – 21
- Connect – ungdomsklubb for 8. klasse og eldre på bedehuset lørdager i oddetalsveker frå kl. 20 – 23.
- Lovsangskveldar i Forsand kyrkje ein søndag i mnd. Kl. 19 – 21
- Awanagrupper – søndagskuleopplegg på vanlege gudstenestar

Følg oss på nettsida: www.kirken.no/forsand og på Forsand kyrkjelyd på facebook.



Det blir JULEKOR i år òg! Dropinøvingar frå starten av november. Aldersgrense 0-100, gjerne familiar òg! Påmelding til Hege tlf 400 61 984




Aktivitetar på samlingsfesten



Gode samtalar på språkkafè



Første helg i september hadde me weekend på Vaulali. Veldig flott helg der heile storfamilien var samla



VELKOMMEN TIL TAU KYRKJE

Måndag

Kl. 18-19: Open kyrkje
(annakvar veke)
Kl. 19-21: Aktivklubben
(siste måndag i månaden)

Tysdag

Kl. 18-19: Barnegospel – frå 5 år
(partalsveker)
Kl. 19-21: Strikkekafé
(kvar 3. veke)

Onsdag

kl. 10.15: Barnesong (1-3 år)
kl. 11.15: Babysong (0-1 år)
kl. 13.30 -17.30: Superonsdag
med aktivitetar og middag
(annakvar veke)

Torsdag

Kl. 19: Tema-/kulturkveld
(ca. 2 gonger pr. halvår)

Fredag

Kl. 18-19.30: Kick: 5.-7.kl.
(partalsveker)
Kl. 20-23: Basic: 8. -10.kl
(partalsveker)

Søndag

Kl. 11: Gudsteneste

Anna

Kick+: Leiartrening 7.kl.
Basic+: Leiartrening 8.-10.klasse
UL: Ungdomsleiarar 10. kl. +
Enter: Drop-in - frå 10. kl.

For meir informasjon sjå vår
heimeside www.tau-kyrkje.no
eller ta kontakt med Strand
kyrkjekontor
Tlf. 51 74 11 30,
E-post:
kyrkja@strand.kommune.no

FRA TAU TIL BARCELONA

TEKST OG FOTO:
MARTIN IVAR ARNESEN

I juni var en flokk på 13
ungdommer og 6 voksne på
tur til Barcelona. Dette var
10.klassinger som har vært aktive
med i ungdomsarbeidet i kirka på
Tau. Målet med turen var å styrke
fellesskapet gjennom forskjellige
aktiviteter. Viktig på turen var
også samlinger med fokus på liv
og troshistorie, og framtiden med
Jesus og de mange valg.

På turen besøkte gruppa et NMS-
støttet prosjekt for arabiske/nord-
afrikanske flyktninger i Spania og
guidet omvisning i katedralen
Sagrada Familia.

Tidligere har vi hatt tre besøk med
ungdommer til Estland, men det
stoppet opp på grunn av Covid.
Vi har et mål om jevnlig å reise
med ungdommer på utenlandstur.
Det styrker fellesskapet og
kristentroen, og hjelper oss til et
større perspektiv på livet.



**SUPER
ONSDAG**

KIRKEMIDDAG

- etter skoletid
- sanggruppe
- leksehjelp
- spill
- lek
- familieandakt
- hobbygruppe
- utegruppe

SOSIALT for alle i alle aldre

ONSDAGER 13.30 – 17.00 (middag 15.30 og 16.30)
Høstens datoer: 10.9, 24.9, 22.10, 5.11, 19.11, 3.12

PÅMELDING: spond (kode MNCXH)
eller www.tau-kyrkje.no



**Messy
Church**

I TAU KYRKJE

19.10 OG 23.11 KL. 11.00




SUPER ONSDAG

Denne høsten starter vi opp noe vi har kalt Super onsdag, i Tau kirke.

Her ønsker vi alle – voksne og barn i alle aldre – velkommen til felles kirkemiddag!

Før middagen kan barn fra 4. – 7. klasse være med på «etter skoletid»; leksehjelp, sanggruppe, lek, spill og håndarbeid.

Etter middagen er det andakt og deretter ulike aktivitetsgrupper for barna.

De voksne kan hjelpe barna eller ta en kaffekopp

Vi samles annenhver onsdag – middagsservering 15.30 og 16.30

Påmelding og mer informasjon:
På spond (søk opp MNCXH)
eller på kirkas hjemmeside.



VELKOMMEN TIL JØRPELAND KIRKE

Ting som skjer i kirken i høst:

- Babysang i kirkekjelleren, onsdager kl. 11.30 – 12.00
- Småbarnssang i kirkekjelleren, onsdager kl. 10.15 – 11.00
- Barnekor 4 - 10 år, mandager kl. 17:15 – 18.00
- Barnekirken Awana, søndager kl. 11
- 4-års bok, samling 23.sep kl. 17.30-18.30 + utdeling 28.sep kl.11.00
- Åpen adventsamling i kirken for alle barnefamilier, onsdag 3. des kl.10.30
- Etter skoletid 5.-7. klasse, mandager i oktober kl. 12.15-13.30
- Kick – tweensklubb, starter opp i løpet av høsten
- Konfirmantundervisning på torsdager
- Alpha-kurs, onsdager i høst
- Klubben for ungdom med hjelpebehov, siste tirsdag i måneden kl. 18-20
- Morgenbønn, fredag kl. 9-10
- Husgrupper, gi beskjed om du ønsker å være med i en eller starte opp en selv.
- Gudstjenester
- «Vi synger julen inn», 21. des kl. 18.00
- Romjulstreff 28. des. kl. 19.00
- Følg ellers med på menighetens nettside, Facebook og Instagram for oppdateringer!

Vi gleder oss til å møte deg, til en rik høst med rom for både stillhet og sang, for lek og læring, for tro og tvil. Enten du ønsker å delta på barnekor, ungdomsarbeid, husgrupper, formiddagstreff eller bare ta en kopp kaffe etter gudstjenesten, er du hjertelig velkommen.

Her i Jørpeland kirke ønsker vi å bygge fellesskap av mennesker som bærer hverandre, deler hverdagen og feirer livet sammen. Og dette fellesskapet lever nettopp gjennom menneskene som er en del av det. Ønsker du å være med å bidra som frivillig eller du kjenner på en gnist eller idé over noe som skulle vært satt i gang, så er du hjertelig velkommen til å ta kontakt!



I høst gleder vi oss spesielt over at vi har fått inn så mange påmeldinger til dåp, så nå setter vi i gang med å lage flere dåpsduer til å henge opp i kirka



I år er Helene Nag Grødem med som frivillig dirigent for barnekoret. Vi spurte henne og barna: Hva betyr det for dere å være med i barnekoret? «Mine barn har gått fast på barnekoret i ett år. Å gå på barnekoret er en god start på uken. En god mikst med lek og radiostyrte biler, sang både med og uten mikrofon og bibelfortellinger! Edel gjør en kjempegod jobb og møter små og store på en måte der vi føler oss velkomme.»

Her er noen av tjenestene man kan ha i kirken

- Forbønn
- Nattverdutdeler
- Lyd og projektor
- Kirkeverter
- Forsanger
- Barnekirken
- Dåpsmedhjelper
- Blomster til gudstjenesten
- Mat og hjelp til kirkekaffen
- Ledere til barne- og ungdomsarbeidet



Bli med på «Etter skoletid» samling for 5.-7. klasse. Her blir det mat, lek og samtaler



Forsanger-gjengen samlet på inspirasjons samling hjemme hos vår musikalske leder Solveig Leithaug. Her fikk de også besøk av selveste Per-Erik Hallin



Livia Charlize Kveseth Helland og Mari Larsen var konfirmanter i fjor og er i år med som konfirmantledere. Dette sier de om hvorfor de ønsket å være ledere og hva som er kjekt med det: «Vi ville bli konfirmantledere siden det virket gøy og lærerikt. Vi syntes også det virket kjekt å være med på det sosiale og å sørge for at årets konfirmanter skulle få et like fint år som oss. Det som har vært kjekt er å bli kjent med alle konfirmantene. Det er også kjekt å få bidra i kirka med aktiviteter osv. Vi gleder oss til et supert år som konfirmantledere.»



Morgenbønn i kirka hver fredag kl. 9-10



NÅR VI MISTER DET VI IKKE MAKTER MISTE...

Når mennesker nær oss dør, opplever vi sorg. Denne sorgen arter seg forskjellig fra person til person. Det er lett å tro at det finnes en «rett» måte å sørge på, men det er det ikke. Sorgen følger ikke faste stadier slik mange tror. De enkelte elementene i sorgen er gjerne gjenkjennelige, men de kan komme litt «hulter til bulter». Plutselig overmannes du av noe du trodde du var ferdig med, som en flodbølge. Andre ganger kan det gå lettere.

Den vonde stillheten etter den du mistet, kan tordne og dundre i hodet ditt.

Av og til kan du liksom høre skrittene til han eller henne.

*«Tiden leger ikke alle sår
Men med tiden finnes det en
måte å leve med dem på
En kommer ikke over det
En kommer gjennom det –
etter hvert» - Tove Houck*

En hjelp i sorgen – sorggruppen i Strand og Forsand

En sorggruppe er en samtalegruppe for deg som har mistet noen. Her møter du mennesker i samme situasjon som du selv er i.

Kanskje er du skeptisk til nytten av å møte andre med sorg – «jeg har da endelig nok med min egen!»

Det snodige er, at det å være sammen med andre som også har opplevd tap, gir deg opplevelsen av ikke å være alene med de tunge følelsene.

Erfaringene fra tidligere deltagere er at sorgen blir lettere å bære når vi deler den med andre. Du får

muligheten til å vise følelser som du kanskje ikke vil dele med alle og enhver.

Faktisk viser det seg at vi kan hjelpe hverandre – nettopp fordi vi er på det samme stedet i livet.

Sorggruppen er ikke et kurs eller et behandlingssted. Den er en såkalt «likemannsgruppe». Det vil si at deltakerne samtaler, gjenkjerner reaksjoner, støtter hverandre og hjelper hverandre til å finne en vei videre.

Vi er to ledere som «driver» sorggruppen, Ingeborg Slettebø Meyer og Dag Lieungh.

Vår oppgave er å legge et program for kveldene og være hjelgere eller katalysatorer i samtalene. Selv om vi lager et program, er det likevel gruppen selv som finner om det er noe spesielt de vil ta opp. Det kan være i forbindelse med kriser, eller om det skjer noe i nærområdet vårt, som trigger sorgen.

Litt undervisning om sorg og sorgarbeid får vi også plass til.

I gruppen er vi konkrete. Det vil si at det er din og min opplevelse som det settes søkerlys på. Da viser det seg at det, i større grad enn vi gjerne tror, finnes felles trekk i sorgen.

Temaer vi er innom er blant annet:

- Historien rundt dødsfallet
- Begravelsen
- Møte med papirmøllen
- Den tomme plassen
- Rydding
- Endret økonomi
- De tunge følelsene (lammende tristhet, ensomheten, «forbudte» følelser osv.)



- Selvmord
- Fysiske utslag
- Forholdet til de andre pårørende (foreldre, barn, barnebarn osv.) og deres sorg.
- Høytider og merkedager
- Nye tradisjoner
- Livet etterpå – ny orientering

Vi starter opp 3. november i kirkekjelleren Jørpeland kirke. Gruppen samles sju eller åtte ganger. Hver samling varer en og en halv time. Vi har plass til inntil åtte personer pr. gruppe. Blir det flere, mister vi litt av nærlheten vi søker.

Det er menighetene på Tau, Jørpeland og Forsand som driver sorggruppen. Det legges likevel vekt på at den er åpen for alle, uansett hvilken tro eller ikke-tro du har.

Er du interessert, så ta kontakt med kirkekontoret på Tau, Jørpeland eller Forsand.

Vel møtt!

Hilsen
Ingeborg og Dag

MIN SANG: «BELOVEDNESS»

TEKST: INGRID ANEAH EDLAND

Sangen «Belovedness» for meg, har vært en ganske tydelig påminnelse til meg gjennom de siste åra. Sarah Kroger synger i sangen: «He says you're mine, I smiled when I made you. I find you beautiful in every way», og dette har rett og slett bare minnet meg på de gangene jeg lett kan basere mitt eget utseende og selvbiilde med verdens «sannhet», og ikke Guds sannhet. Verden forteller deg at du må endre på deg selv for å få verdi. Men Gud sier at Han elsker deg! Og at Han aldri ville sett på deg og ønsket at du var en annen.



Jeg kan mange ganger føle alt fra skam til nesten flauhet over meg selv og mine feil, som jeg ikke vil vise til noen andre. Men Gud, han vil ha alt, alt av hele meg! Ah, da har jeg nesten lyst til å bare gråte litt, og le!! Jeg blir så rørt av Guds kjærlighet! Jeg kan få lov til å hvile i den sannheten om at jeg er Guds barn, og at ingen andre enn Han, ser meg med en så dyp kjærlighet og med så forståelsesfulle øyne som Han.

Så hvis du som leser dette, kjenner deg igjen i noe av det jeg har sagt her, så er Gud den samme for deg også. Han elsker deg! La det være det du sier til deg selv, når du kjenner på frykt, skam og uro. Gå til Hans sannhet om deg, ikke verdens. Det lønner seg faktisk veeeeldig :) Her er også teksten :)

*You've owned your fear and all your self-loathing
You've owned the voices inside of your head
You've owned the shame and reproach of your failure
It's time to own your belovedness*

*You've owned your past and how it's defined you
You've owned everything everybody else says
It's time to hear what your Father has spoken
It's time to own your belovedness*

*He says, "You're mine, I smiled when I made you
I find you beautiful in every way
My love for you is fierce and unending
I'll come to find you, whatever it takes
My beloved"*

*You've owned the mess you see in the mirror
You've owned the lies that you're just not enough
You've been so blinded by all you're comparing
It's time to own your belovedness*

*You are completely loved and fully known
Beloved, believe He died to make your heart His home*

BETALING AV ÅRETS BLAD

PREIKESTOLEN 86 ÅR



Preikestolen er i 2025 i årgang 86. Det blir distribuert til alle husstandar i Strand og Hjelmeland kommunar, samt husstandane på Forsand.

Det er frivillig abonnement på bladet, og vi er avhengige av - og takksame for - dei som betalar, og for dei bedriftene som har annonser i bladet.

Dessverre er det så vidt det går rundt økonomisk, men redaksjonen har eit sterkt ønske om at bladet fortsett kan bli utgitt.

Så dersom du set pris på bladet, er me glade om du betalar abonnement – kr 300 pr. år, eller kr 80 pr. blad.

KAN HENDE NOKON VIL GI EI JUBILEUMSGÅVE?

Takk for støtte!



**Vipps
TIL 105004**

eller **KONTONR: 3205 30 06158**

Pris: Kr 80,- kr pr blad, eller kr. 300,- for året.

Tusen takk for støtte!

Hjelmeland kyrkjekor
 har rundt 20 medlemmer, og er inne i ein spennande og aktiv haust.
 Både gudsteneste og konserter står på programmet.

Tysdag
 kl 19.15– 21.15
 er det korving
 på Hjelmeland
 bedehus, og nye
 medlemmer er varmt
 velkomne!

Kontakt:
 kantor Anne-Berit
 Rinde Bjelland



Sjå www.hjelmeland.kyrkja.no for meir informasjon

Hjelmeland kyrkjekor

PROSJEKT-KOR for barn



Øvingar i Årdal kyrkje

måndag 27.10
 kl 14.00—15.15
 måndag 03.11
 kl 14.00—15.15

Oppbrede i Årdal kyrkje Ved gudstenesta
 søndag 09.11 kl 11.00

Prosjektkoret blir leia av Anne-Berit Rinde Bjelland og Ine Linn Marthinsen
 Påmelding innan 20.10 til: kantor@hjelmeland.kyrkja.no eller 99248683



Hjelmeland kyrkje

- Andakt på Hjelmeland omsorgssenter tysdag kl.11 i oddetalsveker
- Babysong kvar onsdag, kl.11
- "Berre bibel" kvar onsdag frå kl. 13-14

Samlivskurset

- 7 kvelder om å være 2

7 spennende og meningsfylte dater
 med din kjære

Arrangør: IMI-kirken (Vertskap Laila og Frode Helvig, Renate og Jan Helgen)

Lokal kontaktperson: Ole Wollert Meyer, tlf 41561737

IMI-kirken arrangerer Samlivskurset - 7 kvelder om å være 2, for alle par som ønsker å bygge et sterkt grunnlag for et sunt samliv som varer livet ut!

Dette er et nettbasert kurs. Første og siste samling er i IMI kirken, men om en ikke har anledning kan disse også nås via teams.

Mer info og påmelding finner du her:

[Samlivskurs høsten 2025 – 15. okt. 2025 – IMI-kirken \(Vertskap Laila og Frode Helvig, Renate og Jan Helgen\)](http://Samlivskurs_høsten_2025-15.okt.2025-IMI-kirken_(Vertskap_Laila_og_Frode_Helvig,_Renate_og_Jan_Helgen).pdf)



Årdal kyrkje

- Andakt på Årdal omsorgssenter tysdag kl.11 i partalsveker
- Open kyrkje kvar måndag kl.11
- Strikkekafé kl.12.15 måndag
 - 29. september
 - 20. oktober
 - 10. november
 - 01. desember



Fister kyrkje

- Bygdatreff kl. 19 på Fister Bedehus
 - 06. oktober
 - 03. november
- Super-Tysdag kl. 15.30-17.30
 - 14. oktober
 - 11. november
- Open kyrkje, 1. november kl. 13.30-15.30



Bibelhelg 24.-26. oktober

Forsand bedehus/Forsand kyrkje.

Talar: Jan Gossner

Misjonstema fredag kveld/laurdag kveld:

Kor langt er vi komne med misjonsoppdraget?

Laurdag kl. 11/13: Bibeltimar om Jesu gjenkomst.

Varm mat mellom møta.

Søndag kl.11: Gudsteneste i kyrkja v/Ole Wollert

Meyer. Tale av Jan Gossner.



VELKOMMEN!

AKTIVKLUBBEN I TAU KYRKJE MANDAG 24.11 KL 19.00

«Spaden» og Julefortellingen PÅ SPORET AV GUDS RADIKALE KJÆRLIGHET

Tema ved Fartein Valen-Senstad, professor emeritus ved universitetet i Stavanger. Han setter julefortellingen inn i en kontekst der arkeologi, geografi og historie jobber sammen.

Mat, drøs og kveldstanker

Inngang kr. 100,-



AKTIVKLUBBEN I TAU KYRKJE MANDAG 27. OKTOBER KL.19.00

Tauravågen FØR OG NÅ



INDUSTRI, HANDEL,
SERVICE OG
SAMFERDSEL

Tema ved
Egil Svendsen og
Svein Kåre Langeland

Mat, drøs og
Kveldstanker

Inngang kr. 100,-

ALLEHELGENSKONSERT

med operasongar Leif Jone Ølberg
akkompagnert av Lars Bernhardt Ølberg



Måndag 27. okt. kl. 18 i
Forsand kyrkje og
Torsdag 30. okt. kl. 19 i
Hjelmeland kyrkje

«Vi har med oss sanger og
musikk som gir rom for
stilhet og ettertanke,
lengsel og håp, men også
glede og takk.»

Billett kr 300,- kan kjøpast i
døra eller på nett:
<https://melodypipe.com/>
Born u 16 gratis.

Vel møtt til ei vakker
konsertopplevelse!

• • •

Konsert med
**SVEINUNG
HØLMEBAKK**

Jørpeland kirke to. 11.des. kl.19
Billettpolis kr.380. Arr. Kulturutvalget i Jørpeland kirke

Jul med
Kornelius
I TAU KYRKJE

Gjester:
ELIAS SALBU OG TOBIAS SANTELMANN
SØNDAG 7. DESEMBER 17:00 OG 20:00

Billetter kjøpes på ticketco.events

KONSERT med nytt
FLYGEL



Arr: Hjelmeland kyrkjemusikalske utval og Hjelmeland sokneråd

HJELMELAND

KYRKJE

fredag 24. oktober

kl 18.00

v/pianist

Maria Kessel

Hynneklev

Kollekt

Kyrkjekaffi

VELKOMNE!



**Et liv
som er verd å leve**

Temakveld i Jørpeland kirke

Torsdag 16. okt. kl. 19.

v / Anne Kari Tolo Heggestad



Fri entré. Kollekt.

Arr.Kulturutvalget i Jørpeland kirke

HØGTIDLEG DAG FOR RANDØYBU ROLV HENRIK ØYE

TEKST: SIGRID SIGMUNDSTAD, PROST I RYFYLKE

16. juni var ein høgtidleg dag i Suldal kyrkje. Rolv Henrik Øye frå Randøy blei vigsla til prest av biskop Anne Lise Ådnøy. Rolv har vore prest under utdanning dei siste åra, men nå er han sokneprest i Sand og Suldal sokn.

Me gratulerer og ynskjer han Guds signing over tenesta i Ryfylke prosti!



KONFIRMANTJUBILEUM I KYRKJELYDANE VÅRE



Søndag 12. oktober kl. 11

I Hjelmeland kyrkje: 50 og 60 års jubileum

Søndag 19. oktober kl. 11

I Jørpeland kyrkje: 50 års jubileum.

Middag på Holta gård etter gudstenesta. Påmelding innan 6. okt. tlf. 51 74 11 40 / e-post: jorpeland.menighet@strand.kommune.no

Søndag 19. oktober kl. 11

I Forsand kyrkje: 50 og 51 årsjubileum.

Middag på Lysefjordsenteret etter gudstenesta. Påmelding innan 5. okt. på epost til forsand.sandnes@kirken.no eller sms til 413 11 055

Søndag 9. nov. kl. 11

I Tau kyrkje. 50 års jubileum. Middag på Holta gård etter gudstenesta. Påmelding innan 3. nov. tlf. 51 74 11 30 / epost: kyrkja@strand.kommune.no

II SLEKTERS GANG



DØYPTE

JØRPELAND

- 08.06. Ivar Berge
Ludvig Rosså Larsen
22.06. Emil Idsø
Marlon Fjelde Kraakevik
06.07. Eveline Werner
27.07. Sivert Byberg
Marthinsen
09.08. Alma Sandal Ask
17.08. Rasmus Malmberg Danielsen
Johan Schell
Peder Nordbø Barka
24.08. Rakel Helland
Klara Barka Larsen
Greger Eike Sørbø
31.08. Ansgar Idsøe Oanes
Emilie Nag
07.09. Silas Erfjord Nordbø
Lilly Holta

STRAND

- 15.06. Hans William Karlsen
29.06. Evelyn Røynestad-Hebnes
10.08. Jesper Vik Hjelmen
Emil Vik Hjelmen
Henrikka Sørbel Andresen
Markus Idsø Mugisha
Heine Kleven
24.08. Viljar Fosså

ÅRDAL

- 08.06. Theodor Markussen
08.06. Frida Riskedal
10.08. Emma Østerhus Ullestад

FISTER

- 17.08. Johan Kleppa
17.08. Mikkel Østensen Bjørkeland

VIGDE

JØRPELAND

- 19.07. Inger Lise Riveland og
Odd Jarle Vatland Fiskå
07.07. Rebecca Elisabeth
Støylen McClure og
Kim-Stian Vilholm Risa
09.08. Henriette Antonesen Sandal
og Thomas Strømmen Ask

STRAND

- 13.06. Vilde Ottesen Sørheim og
Lasse Sørskår Negård
14.06. Charlotte Valborgland Vervik
og Lars Edvard Danielsen
21.06. Hilde Barka og
Espen Sørensen
28.06. Bente Marie Nærland og
Stig Morten Odland Olsen
12.07. Malin Huke Tjøstheim og
Magnus Landa
19.07. Hanne Elise Hetland Vik og
Matias Brekkå Tønnessen
02.08. Martine Løvlie Morvik og
Jakob Tau Ursin
Maia Synnøve Rosså og
Kristian Gundersen
23.08. Lene Vatland og
Johan Voster
06.09. Hilde Nyman Rydningen og
Nicolai Johannessen Botten

ÅRDAL

- 05.07. Lisbeth Jøssang og
Ørjan Skeie

FISTER

- 31.05. Marthe Helgøy Nygård
og Daniel Furre
11.06. Ann Elin Helgøy og
Ole-Kristian Botnen Daae
21.06. Helene Østerhus og
Torstein Sigmundstad
05.07. Hanne Øvrehus og
Nikolai Frafjord
02.08. Chris Barka og
Karoline Landro
23.08. Magnhild Barvik Mæland og
Lage Isachsen Gundersen

HJELMELAND

- 14.06. Andrea Sande og
Jone Heggheim
28.06. Kamilla Stokkevåg og
Kristian Wilen Haaland
05.07. Maria Laugaland og
Jarand Verpe
09.08. Stine-Lise Hetland og
Moritz Rüger
06.09. Amalie Olsen og
Simon Leirvik

DØDE

JØRPELAND

- 30.05. Emly Laurentse Olsen
06.06. Aase Lauvåsvåg
07.06. Gro Alfrid Aase Helljesen
20.06. Sigmund Landa
24.06. Jan Ingvar Eie
13.07. Kirsten Johansen
24.07. Olav Arne Larsen
26.07. Kjell Barka
17.08. Kjellaug Skjeivik
19.08. Per Børge Fjelde
24.08. Haldor Aakre
30.08. Magne Byrkja
01.09. Kristine Grøtte Bøe

STRAND

- 01.06. Klaus Andreas Johannessen
08.06. Odd Petter Hanssen
05.07. Jorunn Lilly Gjeteskjær
20.07. Helge Barka Nilsen
10.08. Ingeborg Karen Krogevoll
12.08. Magne Tysdal
17.08. Henrik Vestersjø
18.08. Arne Eie
19.08. Holger Strand
27.08. Ingeborg Alsvik

ÅRDAL

- 23.04. Tor Inge Steen Halvorsen
26.05. Inge Mæle
21.06. Lillebror Tjentland

FISTER

- 20.05. Olaus Øvrebø

HJELMELAND

- 17.05. Ingunn Marie Ellertsen
16.06. Karen Olava Hetlelid
28.07. Anna Johanna Mæland
08.08. Magne Harald Mæland

STØTT VÅRE ANNONSØRER. DE STØTTER OSS!

ØNSKER DU Å ANNONSERE I BLADET? KONTAKT KYRKJA@STRAND.KOMMUNE.NO
FOR 2025 KOSTAR EIN TO SPALTAR KR. 3.300,-
OG EIN DOBBEL TOSPALTE KOSTAR KR. 6.600,-



Byggfirma med lange og gode tradisjoner, dyktige fagfolk og fokus på høy kvalitet og kundetilfredshet. Du som kunde står alltid i fokus, og for oss er alle jobber av interesse (store og små). Vår visjon er "ingen jobb ferdig før kunde er fornøyd"

www.forsand-byggservice.no Bergekrossen 7A, Forsand. Tlf 51 70 31 12

The logo for AutoMester consists of the word "AutoMester" in a white, italicized, serif font, flanked by two rows of small orange squares.

JØRPELAND SERVICESENTER AS
Ryfylkevegen 953, Jørpeland • Tlf. 51 74 14 45
www.jorpelandservice.no

The logo for POWER features the word "POWER" in large, bold, orange letters with a white arrow pointing right above it. Below it, "Jørpeland Elektrosenter SKALLSTØPERIET" is written in smaller white text.

POWER
Jørpeland Elektrosenter
SKALLSTØPERIET

The logo for ECIT features the word "ecit" in a large, bold, dark blue sans-serif font.

ecit
Jørpeland: 51 74 14 00 | Årdal: 51 75 42 50

The logo for Møbelringen features the word "MØBELRINGEN" in bold black letters inside a red oval, with "Jørpeland" below it.

MØBELRINGEN®
Jørpeland

The logo for REMA 1000 features the words "REMA 1000" in large, bold, blue letters with a red outline. Below it, "Jørpeland - Åpningstider: 7-23" is written in black.

REMA 1000
Jørpeland - Åpningstider: 7-23

The logo for FARGERIKE features the word "FARGERIKE" in a large, bold, black sans-serif font, with "HJERTENES JERNVARE" below it. A colorful graphic of four squares is positioned above the text.

FARGERIKE
HJERTENES JERNVARE
Vågen, 4100 Jørpeland • Tlf. 51 74 72 04

DIN ANNONSE HER?

The logo for joker features the word "joker" in a stylized, colorful font with a red dot above the 'o'.

joker
Me har varekjøring
kvar dag!
post@lysefjorden.no
Ring: 95259325 hvis spørsmål!

The logo for SpareBank Sør-Norge features the words "SpareBank" in blue and "SØR-NORGE" in blue, with a large red circle containing the number "1" to the right.

SpareBank
SØR-NORGE

The logo for RYGR Økonomi features a green stylized 'R' icon followed by the words "RYGR ØKONOMI" and the website "WWW.RYGROKONOMI.NO".

RYGR ØKONOMI
WWW.RYGROKONOMI.NO

The logo for FORSAND SANDKOMPANI features the word "FORSAND" in a large, bold, black sans-serif font with a registered trademark symbol, flanked by two yellow 'F' icons. Below it, "SANDKOMPANI" is written in yellow.

FORSAND™
SANDKOMPANI

The logo for FLUID FILM features the words "FLUID FILM" in white on a red circular background.

STOPPER RUST
FLUIDFILM.NO
Næringsveien 6, 4323 Sandnes



 STEIN MEK.
VERKSTED AS
Tlf. 40 01 73 18
smv@stein-mek.no



Lars Nessa - Tlf: 91159718

RYFYLKE BEGRAVELSESBYRÅ

STRAND OG RYFYLKE BEGRAVELSESBYRÅ

Vår erfaring – din trygghet. Audun Ingvaldstad og Johan Braseth.
Gravstein-utstilling i våre kontorlokaler på Tau
Ryfylkeveien 1986, Tau – tlf. 51 74 87 00 – www.hviding.no

 HELGØY SKYSSBÅT



51 73 21 00
post@norok.no
www.norok.no



revisjonyfylke.no



Jørpeland Bilverksted as
4100 Jørpeland
Tlf 51 74 08 80
Bilverksted - bildeler - rekvisita
- periodisk kjørekontroll

Gaver til alle anledninger

Jens Bjelland A.s
Tlf. 51 74 73 58


Tlf. 975 18 627
barkvedtrevare@gmail.com







 51 97 29 00
DØGNVAKT

www.krogedal.no


RYFYLKE TRELAST






Norconsult AS
Ryfylkevegen 1972D,
NO-4120 TAU
Tel: +47 51 74 90 11
www.norconsult.no




Troldla-Tysdal Turiststasjon
Kjell Tysdal tlf. 959 90 867
post@troldla-tysdal.no
www.troldla-tysdal.no


www.tonnevik.no

KYRKJEKONTOR

HJELMELAND - FISTER - ÅRDAL

Kyrkjeverje:	Mette Ingvaldstad - Tlf. 907 35 564
Kontor:	Prestegården 5, Hjelmeland
Kontortid:	Tysdag - tordag 9.00 - 14.00
Telefon:	404 39 240
E-post:	post@hjelmeland.kyrkja.no
Nettside:	www.hjelmeland.kyrkja.no
Sokneprest:	Sigrunn Hagen Arnesen - Tlf. 977 52 534
Kantor:	Anne-Berit Rinde Bjelland
Trusopplærar:	Tonje Flatø Nessa
Diakonimedarbeidar:	Torill Marie Seljeskog
Administrasjonssekretær:	Serina Orstad Waldestrand
Kyrkjetenar Hjelmeland:	Torill Marie Seljeskog
Kyrkjetenar Fister:	Åsmund Thomsen
Kyrkjetenar Årdal:	Torill Marie Seljeskog
Kyrkjetenar Jøsenfjorden:	Bente Tednes Gjil
Soknerådsleiar Hjelmeland:	Magnhild Meltveit Kleppa
Soknerådsleiar Fister:	Ingjerd Sigmundstad Nicolaysen
Soknerådsleiar Årdal:	Olav Frantzen
Fellesrådsleiar:	Leif Ole Terøy

FORSAND

Dagleg leiar:	Siv Fossan
Kontortid:	Må, ty, to 09.00-13.00
Telefon:	413 11 055
E-post:	forsand.sandnes@kirken.no
Nettside:	www.forsand.kyrkja.no

Forsand kyrkjelyd

Sokneprest:	Ole Wollert Meyer - Tlf. 415 61 737
Kyrkjelydsarbeider:	Irene Idland Thu
Organist:	Hege Tungland Langbakk
Kyrkjetenar:	Jennifer William Shrisunder
Soknerådsleiar:	Siri Giskegjerde
Kyrkjeskysse:	Per Hagen - Tlf. 995 13 384
Ungdomsarbeidar:	Charlotte Frantzen

STRAND - JØRPETLAND

Kyrkjeverje:	Øystein Marton Lode
Kontortid:	Måndag-fredag 09.30-14.00
Telefon:	51 74 11 30
E-post:	kirkja@strand.kommune.no
Nettside:	www.strand.kyrkja.no
Fellesrådsleiar:	Jostein Woie

Strand kyrkjelyd

Sokneprest:	Martin Ivar Arnesen - Tlf. 980 37 571
Adm.leiar:	Liv Åse Gaard
Organist:	Olga Terekhova
Kateket:	Bodil Sande Turøy
Menighetspedagog:	Anita Grødem
Diakonimedarbeidar:	Marta Frantzen
Kyrkjetenarar:	Wenche Krogevoll
Soknerådsleiar:	Dmytro Sivertsen
	Sofie van Beuzekom
	Eli Nesvåg

Jørpetland kyrkjelyd


Sokneprest:	Mikael S.Zülow - Tlf. 923 10 289
Dagleg leiar:	Gerry Berge Vestbøstad
Organist:	Solveig Leithaug Chaffee
Kateket:	Mia Christina Raustein
Menighetspedagog:	Edel Kvindesland
Kyrkjetenarar:	Wenche Krogevoll
Soknerådsleiar:	Jan Langeland
	Dmytro Sivertsen
	Jone Bergsager
	Brit Valheim

PERSONALNYTT

Ny organist i Strand

28. sep. har organist Anders Berglund siste tenesta som organist i Strand og går over i annan jobb. Strand kyrjeleg Fellesråd takkar for tenesta og ønskjer lukke til vidare.

1. okt. byrjar Olga Terekhova som organist i Strand og Jørpeland sokn. Ho kjem frå jobb som kantor i Skjervøy kirke der ho har arbeidd sidan februar 2023. Strand kyrjeleg Fellesråd ønskjer henne velkommen i tenesta – ta godt imot henne.

**Ny ungdomsarbeidar i Forsand**

Charlotte Frantzen har starta i vikariat som ungdomsarbeidar, førebels fram til jul.



PROST

Ryfylke

Sigrid Sigmundstad til 31.10.
Tlf. 908 71 457
sigrid@hjelmeland.kyrkja.no

Sigrunn Hagen Arnesen fungerande prost frå 01.11
Tlf. 977 52 534
sigrunn@hjelmeland.kyrkja.no

Sandnes

Tom Krager - Tlf. 912 44 212
tk566@kirken.no

PREIKETEKSTAR

- Søn 5. okt – 17. søndag i tr.e.tida: Mark 5,35–43
- Søn 12. okt – 18. søndag i tr.e.tida: Mark 1,40–45
- Søn 19. okt juni – 19. søndag i tr.e.tida: Luk 9,57–62
- Søn 26. okt – Bots- og bønnedag: Luk 15,11–32
- Søn 2. nov - Allehelgensdag: Luk 6,20–23
- Søn 9. nov – 22. søndag i tr.e.tida: Luk 10,25–37
- Søn 16. nov – 23. søndag i tr.e.tida: Matt 24,35–44
- Søn 23. nov – Kr. kongedag: Joh 9,39–41
- Søn 30. nov – 1. s. i advent: Matt 21,1–11
- Søn 7. des – 2. s. i advent: Joh 14,1–4

GUDSTENESTER

HJELMELAND KYRKJE



Søndag 12. oktober kl. 11

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Dåp, konfirmantjubileum
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet


Søndag 26. oktober kl. 11

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen,
Sigrid Sigmundstad, Anne-Lise Ådnøy
Avskjedsgudsteneste for prost
Sigrid Sigmundstad
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Nepal

Søndag 23.november kl. 11

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Nattverd
Takkoffer til KABB/Søndagsskulen

FISTER KYRKJE



Søndag 05. oktober kl. 11

Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad
Nattverd
Takkoffer til Kirkens SOS Rogaland


Søndag 02. november kl.11

Allehelgensgudsteneste.
Sigrunn H. Arnesen
Nattverd
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

Søndag 16. november kl.11

Gudsteneste.
Nattverd
Takkoffer til Furutangen.

ÅRDAL KYRKJE



Søndag 28. september kl. 11

Hausttakkefest. Sigrunn H. Arnesen
Utdeling av 4-årsbok,
konfirmantane deltek
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

Søndag 19. oktober kl. 11

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Nattverd
Elin Håmsø forteller om arbeidet
til Kirkens Bymisjon
Takkoffer til Kirkens Bymisjon

Søndag 09. november kl. 11

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Nattverd. Prosjektkor
Takkoffer til Misjonsprosjektet
på Madagaskar

Søndag 30. november kl.11

Familiegudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Takkoffer til KRIK

JØSENFJORDEN BEDEHUSKAPELL



Søndag 30. november kl. 16.30

Lysmesse. Sigrunn H. Arnesen
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Nepal

Med etterhald om endringar! Sjå også våre heimesider:

www.hjelmeland.kyrkja.no - www.tau-kyrkje.no
www.jørpeland-menighet.no - www.kirken.no/forsand


TRENGER DU NOKON
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.
22 40 00 40 ◆ soschat.no

 **KIRKEN'S SOS**

GUDSTENESTER

FORSAND KYRKJE



TAU KYRKJE



JØRPELAND KYRKJE

**Søndag 19. okt. kl. 11:**

Gudsteneste. Ole Wollert Meyer.
Konfirmantjubileum. Awana.

Søndag 26. okt. kl. 11:

Gudsteneste. Ole Wollert Meyer.
Jan Gossner. Nattverd. Dåp Awana.

Søndag 2. nov. kl. 19:

Kveldsgudsteneste. Ole Wollert Meyer.
Me minnast dei som har gått bort
siste året.

Søndag 9. nov. kl. 11:

Familiegudsteneste. Ole Wollert Meyer
Tårnagentane deltek

Søndag 23. nov. kl. 11:

Gudsteneste. Ole Wollert Meyer
Nattverd. Awana.

Søndag 30. nov. kl. 11:

Gudsteneste. Ole Wollert Meyer
Nattverd. Awana

VAULALI - Søndag 5. okt. kl. 11:

Gudsteneste. Ole W. Meyer. Dåp.

Søndag 19. okt. kl. 11:

Messy church. Martin Ivar Arnesen,
Anita Grødem. Tau barnegospel.
Utdeling av 4-årsbok.

Søndag 2. nov. kl. 11:

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen.
Nattverd.
Søndagsskole.
Me minnast dei som har gått bort
siste året.

Søndag 9. nov. kl. 11:

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.
Søndagsskole. Gullkonfirmant-treff.

Søndag 16. nov. kl. 11:

Gudsteneste. Dåp. Søndagsskole.

Søndag 23. nov. kl. 11:

Messy church. Martin Ivar Arnesen.

Søndag 30. nov. kl. 17:

Alle saman-gudsteneste. Martin Ivar
Arnesen, Bodil Sande Turøy. Lys Våken-
barna deltar.

VAULALI - Søndag 5. okt. kl. 11:

Gudsteneste. Ole W. Meyer. Dåp.

Søndag 12. okt. kl. 11:

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen,
Dåp. Nattverd. Hobbyaktivitet for barn.

Søndag 19. okt. kl. 11:

Gudsteneste. Mikael S. Zülow.
Dåp. Gullkonfirman-treff. Barnekirke
Awana.

Søndag 2. nov. kl. 11:

Gudsteneste. Mikael S. Zülow. Nattverd.
Barnekirke Awana.
Me minnast dei som har gått bort
siste året.

Søndag 9. nov. kl. 11:

Gudsteneste. Dåp. Klubben deltar.
Barnekirke Awana.

Søndag 23. nov. kl. 11:

Gudsteneste. Mikael S. Zülow.
Dåp. Nattverd. Barnekirke Awana.

Søndag 30. nov. kl. 17:

Alle saman-gudsteneste. Mikael S. Zülow.
Speidarar deltar.

IDSE OG ID SAL BEDEHUS

Søndag 30. nov. kl. 14:

Adventssamling. Mikael S. Zülow.



Med etterhald om endringar! Sjå også våre heimesider:

www.hjelmeland.kyrkja.no - www.tau-kyrkje.no

www.jørpeland-menighet.no - www.kirken.no/forsand